

# *Referat frå møte i Strandebarm sokneråd*

*Møte 2 / 2023*

**Stad:** *Strandebarm kyrkjelydshus*

**Tid:** *Tysdag 14. februar 2023 kl. 1800*

**Møtte:**

*Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, sokneprest Vetle Karlsen Eide, Olav Tombre, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse.*

*Varamedlemmer: Lillian Hjartåker Fosse,*

*Forfall: Arne Gjerstad, Inger Ljones Måkestad, Lina Chandrike Berge, Siv Ljones, Alvhild Tveitnes*

Ord for dagen v/ Vetle

Det var ingen merknader til innkallinga.

Referat frå forrige møte vart godkjent og underskrive.

Til møtet var kantor Ulf Krupka invitert for å orientera litt om seg sjølv, og om tankar og planar for tiltak og samarbeid med soknerådet. Mellom anna hadde han gode tankar om vidare framdrift i saka om utbetring av kyrkjeorgelet i Strandebarm, og eit godt samarbeid med musikkmiljøet i bygda. Dette gjorde han på ein framifrå god måte, og avslutta med eit lite spelstykke på piano. Soknerådet ser fram til eit godt samarbeid vidare.

**Sakliste:**

**Sak 7/23 Orienteringar frå sokn og felle råd**

Olav orienterte frå FR; Rekneskap for 2022 er enno ikke lagt fram og økonomien for fjoraret og dette året vert anstrengt. Vidare at rapporten om vedlikehald av kyrkjetaka skal takast opp på møte med Kvam herad 15.2.

Kåre repeterar at det er kyrkjetenar som skal telja deltakarar på tilstellingar/gudstenester og føra dette inn i kyrkjeboka.

**Sak 8/23 Kyrkjeval 2023**

Det er mange ting som må på plass før valet i september. Me skal ha ei valnemnd, skal på valkurs, utarbeida vallister, fordela arbeidsoppgåver. I tillegg bør me ha tankar om korleis det nye, og frå hausten mindre, soknerådet bør organisera seg. Me bør klara å overlevera eit sokn med eit kjekt og effektivt sokneråd. Eit sokn der det er lett å få frivillige med på alt det gode og spennande arbeidet som soknerådet har ansvar for.

Til **nominasjonskomite** er utpeika;

Siv Ljones, Olav Tombre og Alvhild Tveitnes. Frist for godkjend valliste er 31. mars.

Åse, Anne Marie og Vetle skal utarbeide informasjonsmateriell som vert å senda til aktuelle personar i bygda. Ingen av dei frammøtte ynskjer å stilla til gjenval.

### **Sak 9/23      Årsmøte i kyrkja**

Årsmelding og rekneskap var ikkje klare til handsaming på møtet. Årsmøtet må difor utsetjast.

**Vedtak:** Leiar og skrivar skal laga årsmelding for godkjenning til møtet i soknerådet 16.3. Rekneskapet vert også å leggja fram til møtet 16.3. Til dette skal også revisor og rekneskapsførar inviterast.

Soknerådet rår til at årsmelding og rekneskap vert godkjent av årsmøtet som vert utsett til i samband med gudstenesta søndag 19.3.

### **Sak 10/23      Minnegudsteneste**

I Strandebarm har me dei siste åra hatt minnegudsteneste for avlidne på nyttårsafta. I dei fleste andre sokn legg dei dette til Allehelgensdag. Den norske Kyrkja har lagt opp til Allehelgensdag på ulikt vis. Etter ei drøfting vart det gjort slikt vedtak.

**Vedtak:** I Strandebarm skal minnegudstenesta for 2023 leggjast til Allehelgensdag. Soknerådet ynskjer likevel at det vert ei kveldsgudsteneste i Strandebarm nyttårsafta.

### **Sak 11/23      Ymse**

**Fasteaksjonen 2023** vert skipa 28. mars mellom kl. 1700 og 1900.

Årets 17 konfirmantar vert med som bøssebærarar. Dei må truleg supplerast av andre frivillige i dei meir grisgrente strok av soknet. Meir om dette på neste møte.

**Neste AU-møte; tysdag 7. mars kl. 1615 i Kyrkjelydshuset.**

**Neste soknerådsmøte; torsdag 16. mars kl. 1800 i Kyrkjelydshuset.**

Møtet avslutta 2030.

Olav, ref.